

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hordabø

Emne: Ølbrygging

Bygdelag:

Oppskr. av: Martin J. Sylta

Gard:

(adresse): Syltavåg

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Er etter det litande folk i bygdi hev fortalt, to omlag 80 år gamle.

## SVAR

Om ølbrygging i vår bygd er å fortelja at det er slut med det for lenge sidan. Det tok truleg tidleg slut av di folk avla forlitet korn kvar på sin gard til mat so dei hadde ikkje råd å avsjå noko til brygging. Men i eldre tid var det sikkert meir ålment. Ein kan nemna at på eit bruk her på garden var det skivte i 1769 og der er nemt millom andre buskapsreidskap ogso bryggeså men på det bruket sovel som andre stader i vår bygd hev eg ikkje høyrte noko sers om brygging. Dei einaste som hev vore nemt er N. N. på Sylta, han brugga tunt øl til tystedrykk til onnene serleg slotten, men det var truleg slutt 1890 eller før. Han døyde i 1899.

Ein annan K. K. på Risnes bryggja stundom til eit bryllup og alltid sterkt øl. Siste gong til eit bryllup 1898. Konsten skulle han ha lært i Masfjorden. Han døyde i 1902 og ingen hev halde konsten med lag etter han.

Det skulle vera arbeidsamt å bryggja øl. Eit religiøst innslag, rikelegare med pengar so folk kunne kjøpa kva drikka dei vilde og vegen til byen var ikkje so lang og endeleg at kaffidrikking tok yverhand.

Eit ordtak gjeng att endå: " Den som blandar seg med mask og drav får eta med svin før han veit utav".

Humle veit me ikkje av at det veks no i vår bygd, heller ikkje at det hev vore avla tidlegare.

Mjød hev me heller ikkje høyrte vore brukt i vår  
bygd .